



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14029 - 20/54977

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.09.2020

Igangsettingsløyve for grunn og terrengarbeid - gbnr 137/109 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 903/20
Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS
Ansvarleg sækjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av grunn og terrengarbeid i samband med etablering av 28 nye bueiningar fordelt på 2 bygg innan reguleringsplan Breimyra/planid.: 1263-201207. Løye vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 24.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket. Vilkår i rammeløyvet knytt til oppføring av byggverk må vere dokumentert oppfylt seinast ved søknad om igangsetting av betongarbeid.
2. Det må liggje føre påkoblingsløyve til kommunalt vass- og kloakknett seinast ved søknad om igangsetting av betongarbeid.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-format eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av arbeid knytt til grunn og terreng i samband med etablering av 28 nye bueiningar fordelt på 2 bygg innan reguleringsplan Breimyra/planid.: 1263-201207 område BB1.

Kommunen har i vedtak av 24.07.2019 gjeve dispensasjon og rammeløyve på vilkår.

Det vert elles vist til søknad mottteken 12.08.2020.

Vatn og avløp (VA)

Ved søk i vårt arkiv kan vi ikkj sjå at det er søkt om påkoblingsløyve til kommunalt nett for tiltaka på eignedom gbnr. 137/109.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for betonaarbied skal det ligge føre godkjent påkoblingsløyve.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.08.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Grunna stor saksmengde har vi ikkje hatt høve til å handsame søknaden dykkar før no, vi seier oss leie for eventuelle ulempe dette kan ha ført til.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14029

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av bygverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
----------------	--------------	------	-----------------------